

Referent: Ingunn Bårtvedt Skjerdal

Dato: 15.06.2022

Emne:	Referat frå regionalt planforum 10.05.2022 - Vossaklima 2030 - Voss kommune	
Til stades:	Hans Erik Ringkjøb	Ordførar
	Dag Sandvik	Politisk saksordførar Utval for klima og miljø
	Arild Steine	Rådmann
	Kjersti Næss Finne	rådgjevar plan og oppmåling
	Gunnhild Utkvitne	Prosjektleiar
	Anniken Friis	Statsforvaltaren
	Eirik Brynjelsen	Statsforvaltaren
	Karoline Ulvund	Direktoratet for mineralforvaltning
	Torbjørn Hasund	Statens vegvesen
	Toralf Otnes	NVE
	Mariette Madsgaard	Forsvarsbygg
	Cato Dørmænen	Forsvarsbygg
	Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan
	Ingunn B. Skjerdal	VLFK- SUD- PKF Koordinator for planforum
	Ragnhild Berge Feidje	VLFK-SUD-PKF - klima
	Hanne Marthe Espe	VLFK-KII idrett og friluftsliv
	Rune Åland	VLFK-KII idrett og friluftsliv
	Sveinung Klyve	VLFK-INN- Vassforvaltning
Arve Helle	Politisk vald observatør	
Forfall:		Sak: 2022/4000 - 21
Møtetid:	10.05.22 kl 10-12	Møtestad: Digitalt på Teams

Møteleiar: Eva Katrine Taule

Referentar: Ragnhild B. Feidje og Ingunn B. Skjerdal

Runde rundt bordet, presentasjonsrunde

Presentasjon ved Voss kommune - Vossaklima 2030

Slagord for Voss herad: Klima i alt me gjer

Kort om planprosessen

- Omfattande medverknad, har brukt ni månader den fasen i planprosessen
- Eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag som ligg til grunn
 - o Eigne analysar, delvis finansiert av Vestland fylkeskommune
 - o Har sett på moglegheit for utsleppsreduksjonar på Voss
 - o Kor er det store potensiale – leiter etter dei store tiltaka
- Plantema: Voss som pådrivar for nullutslepp, klimatilpassing og grøn omstilling. Summen av dei tre hovudområda er ein omfattande plan som femnar om heile Vossasamfunnet.

Voss som pådrivar for nullutslepp

av 5

- Reduksjon av utslepp på 69%, talet er sett på bakgrunn av analysar og kjent teknologi, i 2050 er Voss eit lågutsleppsamfunn
- frå fossil til utsleppsfri
- Snu transporthierarkiet
- Eit berekraftig framtidsetting landbruk
- Naturen som karbonlager – beite, unngå nedbygging

Klimatilpassing

- Voss herad si evne til å tåla klimaendringar er styrka fram mot 2030
 - Bygda vår skal utviklast slik at me er rusta for endringar som er forventta fram mot 2050.
- Strategi:
- o Auka kompetanse
 - o Naturbaserte løysingar

Grøn omstilling:

- Grønt giv i næringslivet
- Kraft, varme og energi
- Framtidsetting bustadar og bygg
- Vossingen sitt klimafotavtrykk
- Satsa på born og unge
- Voss herad skal feie for eiga dør
- Dei kommunale selskap som spydspissar i klimaarbeidet

Medverknad

Tung satsing på barn og unge – har laga eit eige undervisningsopplegg for barne- og ungdomsskule, vidaregåande skular og vaksenopplæring.

Oppsummering medverknad – Natur – Gjenbruk – Sykkel

Ei oppsummering av innspel og tilbakemeldingar gjennom medverknadsprosessen; både klimakaféar, ungdomsarrangement, undervisningsopplegg og konferansar, synar at vossingar er aller mest opptatt av ivaretaking av natur, gjenbruk, og tilrettelegging for gode sykkelløysingar.

Vossaklima – kort oppsummert

3 – plantema

8 – overordna mål

13 – satsingsområde

99 - vegar til lågutsleppsamfunnet

Det viktigaste tema/høgdepunkta som planen omhandlar er:

- Direkteutslepp
- Vossanatur og areal
- Vossingane sitt klimafotavtrykk
- Attraktive voss
- Klimarobust
- Vossakraft og energi
- Innovative Voss
- Inkluderande Voss

Drøfting i planforum

Frå krise til handling og framtidstru, Voss går framføre som eit godt eksempel for kommunar i Vestland, medverknadsprosessen, godt føredøme.

Fylkeskommunen - Ragnhild Berge Fedje

Vil starte med skryt, godt kunnskapsgrunnlag og medverknad, gode definisjonar og forklaring av alle omgrep.

Nokre innspel og tips til det vidare arbeidet

- Oversikt over sektorfordelte utslepp:

Går det an å visualisere det meir detaljert, dele opp i td. Personbil og tungtransport, betre visualisering gjer at det blir lettare for folk å relatere seg til utsleppa når dei kan kjenne seg att.

- Mange tiltak som er knytt til scenario analyse frå AV, bra jobb med eit realistisk mål
- Indirekte utslepp – energi knytt til indirekte utslepp, storleik på bygg er avgjerande, framlegg til tiltak knytt til storleik
- Energisparing viktig tema, ikkje snakke berre om energieffektivisering
- Spørsmål til grafar med ulike referanseår 2005 og 2009 – i målet står det at det skal reduserast i høve 2009 s 19 og 20 i rapporten
- Punkt - kva me skal gjera, på nokre satsingsområde kan det vere behov for analyse før tiltak, td. karbonrike areal prioritering, behov for kunnskapsgrunnlag
- Klimatilpassing – lage ein klimatilpassingsstrategi – bra med delstrategiar i denne planen for å kople aktivitetane godt i hop. Klimarisiko og – grenseoverskridande risiko bør kanskje ver med her.
- Når strategien skal lagast, stor fokus på fysisk risiko, men kor er dei andre risikovurderingane som ikkje er direkte knytt til klimastrategi
- Greitt å ha satsing med nummerering frå 1-13.
- Mange kommunar har karbonrike areal på dagsorden, det vert jobba med ein ny metode for kartlegging av karbonrike areal.

Kommentar frå kommunen

- Konkretisere utslepp – ligg i kunnskapsgrunnlaget, så det kan innarbeidast meir detaljert
- Storleik på bygg - er mogleg å gjere noko med
- Energieffektivisering/energisparing – viktig å tenke på
- Referanse år – føresetnader Klimakur. Først i 2009 det er kvalitet på talla som kan brukast som grunnlag
- Verdifull natur – kunnskapsgrunnlag ønsker vedtekne område opp til ny vurdering
- Klimatilpassing og strategiar gode innspel knytt til klimarisiko
- Godt innspel til nummerering
- Kartlegging av verdifull myr - Vart gjort for 2-3 år sidan, har vore mest fokus på naturverdiar ikkje så mykje på karbonlagrin, godt grunnlag
- Voss har innarbeidd klima som eigen del i rådmannen sin saksutgreiing, dette fører til betre opplyste saker.

Fylkeskommunen v/Sveinung Klyve

Vassforvaltning - Voss herad har få utfordringar i hovudvassdraga som er store med god vassføring og fortynning. Dei har godt drikkevatt og god reinsing av kloakk tilknytt kommunale anlegg. Dei sårbare sidevassdraga i Bordalen og Dyrvedalen har inne tiltak når det gjeld spreieing av gjødsel for å minska påverknad frå landbruket. Heradet har ein del spreidde avløp frå hushald som ein ikkje kjenner statusen på, men mange må truleg få krav om betre reinsing. Eit prosjekt på dette må komma i gang snarast.

Statsforvaltaren, v/ Anniken Friis og Eirik Brynjelsen

Innhaldet i planen og plantema er systematisk og godt gjennomgått. KPA er ganske ny, men denne vil heradet revidere etter vedtatt klimaplan og strategi for naturmangfald. Dette er bra, for å få nytt kunnskapsgrunnlag inn i planen. Arealbruk er noko SF opptatt av. Det er bra at kommunen grip fatt i verktøy som arealrekneskap. Vassdragsforvaltning og skogbruk vil ha viktige verkemiddel knytt til det. Viktig at kommunen brukar økonomiske verkemiddel knytt til klimaarbeidet, t.d. klimasats. SF kan bidra med å skape fleire møteplassar og webinar med tema som kommunane ynskjer meir erfaring på.

Rekkefølga er riktig; klimaplan og naturmangfaldstrategi før KPA blir revidert. Viktig å sjå på kva ein skal ta vare på før ein startar å bruke.

Det kritiske er å få implementert det som står i klimaplanen i vidare planarbeid og saksbehandling, og t.d. i SMIL. På landbruk kan vi ha ein dialog på klima og landbruk, og jordvern og arealbruk. Voss kan vere ein føregangskommune på landbruk, då dei er ein av dei største landbrukskommunane i fylket. Utsleppsreduksjon er bra at de har teke med, det same er regenerativt landbruk og gjødsel

av 5

handtering. Biogassanlegget som er planlagt passar godt inn i å redusere utslepp på landbruk. Voss har hold seg innanfor sin del av nasjonalt jordvernsmål. De nemner ambisjonar om arealnøytralitet, kanskje mest på natur. Dette hadde og vore kjekt å hatt knytt til landbruksareal. På klimatilpassing har de nemnd mange gode aspekt, dersom dette kan implementerast. Bygdevekstvtaler er under arbeid, og det vil då kunne søkast om å delta. Voss har gode føresetnader for å søke her.

Eit godt kunnskapsgrunnlag er eit utgangspunkt for å systematisere og implementere arealrekneskap. [Rogaland FK har ein rettleiar på dette](#).

Kommentarar frå kommunen

- Rekkefølge på planar er ikkje tilfeldig, kommunen diskuterer rekkefølge i inngang til arealdelen, kva vil kommunen ta vare på? Sjå på gjeldande planar, sjå på verdien av naturen, må plassere byggeområde der det er lurt
- Føler forpliking til mange gamle vedtak.
- Viktig å holde tempo i planprosessar
- Har notert gode innspel, glade for ros og gode ord
- Voss kommune jobbar med arealnøytralitet

Torbjørn Hasund - Statens vegvesen

Kjekt å lese ein så gjennomarbeidd og godt forankra klimaplan. SVV jobbar med å nå Noregs klima og miljømål. Vi brukar verktøy internt og til utbygger, t.d. VegLCA for rekning av utslepp. Føremålet er å sjå kva utslepp eit vegprosjekt har, og å stille krav til leverandørar. Dette er utvikla for utbyggingsprosjekt, men vi har planar om å utarbeide dette for vedlikehald av veg og. Dette vil vere noko kommunen kan nytte. Utsleppsfrie bygg og anleggsplassar er noko SVV og har.

Rasteplassstrategien til SVV skal utviklast for å sjå moglegheitene for ladepunkt på desse stadane, og dette vil koordinerast med FK og lokale aktørar.

SVV har eit mål om at meir av trafikken skal over på gang og sykkel, så det er bra at kommunen har transporthierarkiet som utgangspunkt. SVV har moglegheita til å sette krav til utsleppsfri teknologi. Viser til NTP, der dei store prosjekta blir prioritert. Voss ligg på E16 forbindelsen, og i arbeid med gjennomføringsplanen er det laga ei [kartforteljing](#). Her ligg mykje informasjon om strekninga og kva som vil bli prioritert. Ta gjerne kontakt med Statens vegvesen om det er spørsmål

Kommentar frå kommunen

- Døme frå Bø kommune
- Ikkje berre ladeinfrastruktur
- Er merksame på at SVV jobbar med å stille krav

NVE – Toralf Otnes

Spennande og spenstig planutkast, og eg må slutte meg til den skryten som dei andre har lagt på bana. Vi har tidlegare spelt inn at de kan bruke denne planen som grunnlag til arealplanlegginga. Dette gjer de gjennom satsingsområda dykkar. Vi har og spelt inn at de må gi vassvegar plass, og dette finn ein no igjen i planutkastet. Bra at de har eit eige avsnitt om målkonfliktar, som er viktig å vere klar over. Det er ei liste over vedlegg som skal utarbeidast og eg tenkjer at desse kan samlast som eit vedlegg til arealplanlegging i heradet. [NVE har laga ein rettleiar](#) om handtering av overvatn i arealplanar. Den går mellom anna på å redusere skade knytt til overvatn. Den peikar mellom anna på at kommunestyret må ta omsyn til kva skader frå overvatn som kan tolererast. Rettleiaren rår til at kommunestyret tek stilling til kva som er tilstrekkeleg sikkerheit mot skade og skade ved overvatn, og risikonivå ein kan legge til grunn. De kan vurdere om Vossaklima 2030 kan vere rett plan å forankre eit slikt risikovedtak.

Kommentar frå kommunen

- Har diskutert aksept knytt til flaum, nyttig å få dette med

Direktoratet for mineralforvaltning, Karoline Egholm

Klima er eit stort omgrep og det er vanskeleg å sjå dei små tema i dette. Mineral er byggeråstoff som blir brukt i bygg og i tilrettelegging av areal. Når det er snakk om klimautslepp, så bidreg mineralnæringa til dette, både i uttak og i transport. Vi har utvikla ein mineralstatistikk, [harde fakta om mineralnæringen 2020 er eit kunnskapsgrunnlag](#). Her er eit eige kapittel om klima og miljø. Det er viktig å få på plass dette med mineral, og god arealplanlegging er ein faktor for å redusere utslepp

av 5

knytt til transport. Gjenbruk av råstoff, og bruk frå andre prosjekt er berekraftig mineralutvinning. Vi ynskjer å sette fokus på at mineralstatistikken kan brukast som kunnskapsgrunnlag inn i kommunale planar. Der er fint om kommunen kan bruke denne som eit kunnskapsgrunnlag i planen.

Fylkeskommunen – Hanne Marte Espe, Idrett og friluftsliv,

Mykje kjekt i denne planen. Likar figuren på side 12 der de knyt andre planar til denne planen. Det er eit suksesskriterium at alle avdelingar kjenner seg igjen i planen. At planen er alle sin og ikkje berre klimaseksjonen sin. Natur- Gjenbruk- sykkel, orda knytt til medverknad er veldig knytt til det kultur, idrett og inkludering arbeidar med. Så her har vi mange felles koplingar til denne planen. Vi arbeider med å tenke langsiktig og berekraftig når vi bygger anlegg, både små og store.

Rune Åland, Idrett og friluftsliv, KII- FK:

Eg ynskjer å utfordre litt meir på dette med klimavennlege idrettsanlegg. T.d dette med kunstgrasbaner og gummigranulat. Gang- og sykkelveggar får ein ikkje spelemidlar til, men ein kan få det til tursti. Så område der ein ynskjer å etablere tursti kan ein søke spelemidlar om.

Mariette Madsgaard, Forsvarsbygg

Har ingen konkrete innspel. Klima og miljøvern er på agendaen i dei fleste statlege verksemdar, inkludert forsvaret. Vi har eigne målsettingar om reduksjon av avfall i naturen som følgje av vår verksemd. I tillegg eit mål om vern av biologisk mangfald. Ynskjer kommunen noko konkret frå Forsvarsbygg i oppfølging av denne planen?

Svar frå ordførar: Viktig at Forsvarsbygg gjer ein god jobb i å ta med seg det som finnes av avfall. Å ha eit godt samspel med dei som brukar områda og med heradet. Dette blir meir viktig framover, og vi må samhandle med dykk om dette.

Avslutningsord frå Voss

- Har fått gode innspel, kjekt med god ord
- Setter pris på svar om klimafotavtrykk, handlar om økonomisk vekst
- Har kome mange skritt vidare, enklare å svare når ungane spør om kva kommunen har tenkt å gjere
- Har hatt god kontakt med fylkeskommunen, lett å ta kontakt. Fylkeskommunen og statsforvaltaren har støtta arbeidet med god kontakt mot kommunen.
- Vil gjerne inspirerer andre og skal legge planen fram for kommunane i Vestland og kommunestyret

Avslutningskommentar frå fylkeskommunen

- Godt planarbeid – lettare å få finansiering når tiltak er forankra i planar
- Planen kjem på høyring
- Setter pris på at det er samanheng i plansystemet.
- Arealnøytralitet bør komme betre fram
- Fotavtrykk – Asker kommune har jobba med det, ta gjerne kontakt med fylkeskommunen om det er konkrete spørsmål

Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum Vossaklima 2030 herad (002)
- 2 Vossaklima2030 utkast sendt Regionalt planforum